

Åpning av det 135. Storting

President: Jo Benkow

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Kongelige Høyhet Kronprinsregenten seg tirsdag den 2. oktober kl. 13 i stortings salen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosisjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Kongelige Høyhet Kronprinsregentens tale til det 135. Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Som regent i medhold av Grunnlovens § 41 under min fars, Hans Majestet Kongens, sykdom hilser jeg Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen vil føre videre hovedlinjene i norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk og arbeide for en styrking av det internasjonale samarbeidet. FN's klare reaksjon på krisen i Gulfen har gitt verdensorganisasjonen økt tillit, og Regjeringen vil arbeide aktivt for å styrke FN's rolle fremover.

Vern av Norges sikkerhet forutsetter fortsatt et troverdig forsvar og et nært alliert samarbeid innenfor rammen av NATO. Et aktivt engasjement for avspenning, gjensidig rustningskontroll og nedrustning er påkrevet. Melding om disse forhold vil bli lagt frem.

Forsvaret vil arbeide aktivt for å tilpasse seg de endrede økonomiske og sikkerhetspolitiske rammebetingelser.

Arbeidet med internasjonale miljø-, energi- og utviklingsspørsmål vil ha høy prioritet.

Det vil bli lagt frem meldinger om nord/sørforholdet og norsk bistandspolitikk. Bistanden til utviklingslandene vil bli opprettholdt på et høyt nivå.

Regjeringen vil legge vekt på et godt forhold til Sovjetunionen. Regjeringen vil støtte reformprosessen i Øst-Europa, og delta aktivt i oppbyggingen av en ny all-europeisk samarbeidsordning. Miljøsam arbeidet med Sovjetunionen og andre land i Øst-Europa vil bli bygd videre ut.

I lys av utviklingen i Europa mener Regjeringen det er viktig å styrke det nordiske samarbeidet.

Arbeidet med å få til en omfattende samarbeidsavtale mellom EFTA-landene og EF vil bli gitt høy prioritet.

Hovedmålet for den økonomiske politikken

er å legge grunnlag for varig og balansert vekst i norsk økonomi, sikre effektiv bruk av samfunnets ressurser og fremme målet om full sysselsetting. Budsjettpolitikken må bidra til fortsatt moderat pris- og kostnadsvekst og til at norsk økonomi kan bli mindre avhengig av oljeinntektene.

Regjeringens foreslåtte retningslinjer for reformer i bedrifts- og kapitalbeskatningen vil bli fulgt opp gjennom lovforslag. Det vil også bli fremmet lovforslag om skjerpet skattekontroll som en følge av valutaliberaliseringen og internasjonalisering av norsk næringsliv.

Regjeringen vil foreslå tiltak som fremmer reell konkurranse i næringslivet og arbeide for å styrke vår konkurransevne. Forskning og utvikling som virkemiddel for næringsutvikling vil fortsatt bli prioritert.

Regjeringen vil legge frem en melding om skipsfarten, med vekt på sikkerheten til sjøs. Det vil bli fremmet en melding om norsk eksportstrategi.

Gjennom aktiv politisk handling både nasjonalt og internasjonalt vil Regjeringen forebygge skader på natur og miljø, ta vare på naturressurser og sikre en bærekraftig utvikling. Regjeringen vil prioritere kampen mot forurensning, spesielt klimaforstyrrende utslipp som f.eks. CO₂. Gjennom miljøavgifter vil Regjeringen påvirke produsenter og forbrukere til miljøvennlige handlinger.

Regjeringen vil legge frem en melding om Norges oppfølging av Nordsjø-deklarasjonen og fremme en melding om reformer i det kommunale miljøarbeid.

Det vil bli foreslått en ny kontantstøtteordning til familier med barn under tre år med 10 000 kroner pr. barn pr. år i tillegg til barnetrygden. Det vil bli lagt frem en melding om barnevernet i 90-årene.

Regjeringen vil fortsatt stimulere til en offensiv barnehageutbygging i kommunene.

Det vil bli lagt frem en melding om organiseringen av det pedagogiske tilbudet for 6-åringer.

Det vil bli fremmet en melding om forbrukerpolitikk.

Regjeringen vil fremme en melding om inntektsdannelsen og en melding om forvaltningspolitikk og personalpolitikk.

Regjeringen vil fremme en proposisjon om organisering av Statkraft.

Regjeringen vil legge forholdene til rette for å kunne tilpasse en fortsatt vekst i søkningen til videregående skoler og universiteter og høyskoler. Det vil bli lagt frem meldinger om høyere utdanning og om organisering av utdanningsadministrasjonen.

Den distriktpolitiske innsatsen vil bli økt

for å sikre arbeid og bosetting i hele landet. Det vil bli lagt frem en melding om kystens fremtid.

Regjeringen har som mål å opprettholde boligproduksjonen på et høyt nivå. Husbanken skal fortsatt spille en viktig rolle i gjennomføringen av boligpolitikken.

Regjeringen vil i løpet av 1991 foreslå en omfattende revisjon av kommunelovgivningen.

Regjeringen legger vekt på å sikre at landbruket fortsatt skal være et viktig fundament for bosetting og sysselsetting i store deler av landet, at matvareberedskapen opprettholdes og at norsk landbruk kan sikre landet kvalitetsprodukter.

Det vil bli lagt vekt på å bedre forvaltningen av fiskebestandene og regjeringen vil arbeide for å styrke næringsgrunnlaget gjennom havbruk og havbeite. Regjeringen vil legge frem en melding om konsesjons- og reguleringsystemet i fiskerinæringen.

Regjeringen vil fremme en proposisjon om utbygging av Heidrunfeltet.

Regjeringen vil legge frem melding om Norsk Luftfartsplan og en melding om posttjenestenes, herunder Postsparebankens og Postgiros fremtidige rammevilkår. Det vil videre bli lagt frem en melding om utviklingen på teleområdet.

Det vil bli lagt frem forslag til ny lov om sosiale tjenester. Det psykiske helsevern vil bli styrket.

Regjeringen vil prioritere arbeidet med å redusere sykefraværet og omfanget av uførepensjonering, bl.a. ved økt vekt på forebyggende tiltak.

Det vil bli utarbeidet en nasjonal strategi for forebyggende helsearbeid.

Regjeringen vil fortsatt bygge sin kriminalpolitikk på å styrke den forebyggende innsats på tvers av sektorgrenser og å sikre raske reaksjoner på kriminelle handlinger ved å effektivisere alle ledd innen rettsapparatet.

Arbeidet med å redusere saksbehandlingstiden ved domstolene og fjerne soningskøene vil bli gitt høy prioritet.

Regjeringen vil bevare Den norske kirke som folkekirke. Reformarbeidet fortsetter. Ytterligere myndighet vil bli delegert til Kirkemøtet og bispedømmerådene styrkes som forvaltningsorganer.

Regjeringen vil føre en aktiv og målrettet kulturpolitikk for å styrke og utvikle norsk kultur og for å møte nye kulturelle utfordringer. En kulturmelding vil bli lagt frem tidlig i 1991.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 135. Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Lars Gunnar Lie:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for fred, tryggleik og avspenning.

Arbeidet innanfor dei politiske og økonomiske samarbeidsorgana som Atlanterhavspakta, Europarådet, OECD, EFTA og Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa, KSSE, har stadig vorte viktigare i lys av den utviklinga som finn stad i Sovjetunionen og Aust-Europa, i aust-vest-forholdet og i integrasjonsprosessen i Vest-Europa.

Den positive utviklinga i Aust-Europa har i stor grad redusert motsetnaden mellom aust og vest og lagt grunnlaget for ein ny europeisk fredsorden.

Forhandlingane mellom EF og EFTA om å opprette eit europeisk økonomisk samarbeidsområde, EØS, er ei av dei viktigaste handelspolitiske og utanrikspolitiske oppgåvene Noreg står overfor.

I Europarådet har Noreg lagt vekt på å utvikle organisasjonen som eit alleuropeisk samarbeidsorgan, og særleg engasjert seg i arbeidet med å definere kva rolle Europarådet skal ha i KSSE-samanheng.

Noreg legg stor vekt på å ha så nær kontakt som mogleg med EF-landa og med det utanrikspolitiske samarbeidet, EPS. Arbeidet innanfor EF med sikte på å utvikle ein politisk union, strekar under behovet for å styrkje denne kontakten. Det tosidige samarbeidet med våre allierte, både i Europa og Nord-Amerika er nært og godt, og det er vorte utvida.

Viktige endringar i politikken og den militære doktrinen til Sovjetunionen, den sovjetiske politiske og militære tilbaketrekkinga frå Sentral- og Aust-Europa, samanbrotet av Warszawapakta som operativ militærallianse, demokratiseringsprosessen i Sentral- og Aust-Europa, og dertil framgangen i arbeidet for nedrusting har gjort det mogleg for NATO å gjere vesentlege endringar og tilpassingar i politikken og den militære doktrinen til alliansen. Både NATO som allianse og regjeringane i medlemslanda prøver aktivt å gjere sitt til å tryggje ei positiv utvikling i Aust-Europa. Ei hovudmålsetjing for alliansen er no å arbeide aktivt for at det blir bygd opp stabile nye strukturar i Europa, slik at den tryggings-

politiske situasjonen for kvart einskilt land og samla blir betra.

På toppmøtet i alliansen i juli i år vart det gjort fleire viktige vedtak. Det vart gjort framlegg om å forhandle fram ei felles fråsegn der alle medlemslanda i NATO og Warszawapakta slår fast at dei ikkje lenger er motstandarar og stadfester at dei ikkje vil bruke makt eller true med maktbruk. Dei andre KSSE-statane blir inviterte til å slutte seg til denne fråsegna. Vidare vart det vedteke at alliansen vil gjennomgå militærstrategien sin og m.a. gå bort frå doktrinen om eit framskote forsvar. Alliansen vil gjere seg mindre avhengig av kjernevåpen, og førstebudsopsjonen vil bli skuva i bakgrunnen.

Dei mange endringane i aust/vest-forholdet og i Europa det siste året har klart gjort sitt til å auke Noregs tryggleik. Det er likevel eit faktum at det til no ikkje har funne stad noka militær nedbygging i dei områda av Sovjetunionen som grensar til Noreg. Målt i militær kapasitet, er dei styrkane som etter måten snøgt vil kunne setjast inn mot norsk område frå sovjetisk side, like store og til dels sterkare enn før. Vidare har den sovjetiske militære rekkjevidda i nord auka, m.a. som ei følgje av modernisering og overføring av nye flytypar. Dette strekar under at det framleis er nødvendig å knyte Noreg så sterkt som mogleg til den europeisk og atlantiske tryggingpolitiske heilskapen, slik at vi framleis kan dra nytte av den overordna styrkebalansen mellom aust og vest.

Ulikskapen i den militære utviklinga i det kontinentale Europa og i våre tryggingpolitiske nærområde i nord gjev grunn til ei nøktern holdning frå norsk side når vi skal vurdere forsvarsutgiftene våre. Det rår stor uvisse når det gjeld den vidare utviklinga i aust, ikkje minst innanfor Sovjetunionen. Norsk tryggingpolitikk må ha dei nødvendige verkemidla for at vi skal kunne gardere oss også mot det uventa og ukjende. Det tek lang tid å bygge opp eit truverdig nasjonalt forsvar. For å hevde suvereniteten vår i uventa situasjonar vil det framleis vere nødvendig å halde oppe ei fullnøyande forsvarsevne. NATO-medlemskapen og dei allierte garantiane om hjelp er framleis dei mest avgjerande elementa i Noregs tryggingpolitiske stilling.

Regjeringa har med interesse følgd demokratiseringsprosessen som no går føre seg i fleire austeuropeiske land, og har arbeidd for å utvide samarbeidet med desse landa.

I forholdet til Sovjetunionen har Regjeringa halde fram med å utvikle det økonomiske samarbeidet, ikkje minst i dei nordlege områda. Regjeringa har ført vidare arbeidet med å nå fram til semje om ei klar avgrensing

mellom dei økonomiske sonene og kontinentalsoklane i Barentshavet. Eit positivt trekk i utviklinga av det tosidige forholdet var at ein i desember forhandla ferdig ei avtale med Sovjetunionen som skal hindre episodar til sjøs og i lufta utanfor territorialfarvatnet.

Den nye situasjonen i Europa har lagt grunnlaget for eit meir omfattande alleuropeisk samarbeid om dei utfordringane som kontinentet vårt står overfor. Noreg har engasjert seg aktivt for at KSSE skal spele ei viktig rolle i arbeidet for eit meir forpliktande miljøvernssamarbeid, og for å styrkje utviklinga mot demokratiske styreformar i heile Europa.

I Wien-forhandlingane om konvensjonell rustingskontroll i Europa er det gjort store framsteg. Det er god von om at ein kan bli samd om ei første avtale om omfattande reduksjonar i dei konvensjonelle styrkane i det europeiske området.

Noreg tek aktivt del i forhandlingane og i den interne koordineringa mellom medlemmene i alliansen. Regjeringa har lagt vekt på å sikre at nedrustingsprosessen i størst mogleg grad også skal gjelde våre nærområde. Det er viktig at det resultatet ein oppnår, reflekterer solidariteten mellom medlemslanda i NATO og at tryggleiken i alliansen er udeleleg.

Regjeringa har lagt vekt på aktiv norsk deltaking i arbeidet for rustingskontroll og nedrusting i FN og ved Nedrustingskonferansen i Genève. Noreg tok aktivt del i Den fjerde tilsynskonferansen for Avtala om ikkje-spreiing av kjernevåpen. Embetsmannsdrøftingane om ei kjernevåpenfri sone på nordisk område er førte vidare.

Arbeidet med å styrkje det internasjonale vernet av menneskerettane er ført vidare. Demokratiutviklinga i Aust- og Sentral-Europa har gjeve nye vilkår for samarbeid innanfor den menneskelege dimensjonen av KSSE-prosessen.

Regjeringa har styrkt og ført vidare samarbeidet med Dei europeiske fellesskapa. EF-EFTA-samarbeidet har stått sentralt for Noreg i den europeiske integrasjonsprosessen. På møtet mellom regjeringssjefane i EF/EFTA-landa i desember 1989 vart ein samd om å få i gang samtaler for å klargjere grunnlaget for forhandlingar om ei EØS-avtale. Ein førte samtaler fram til i mars, då begge partar såg det slik at det var tilstrekkeleg grunnlag for å begynne med formelle forhandlingar. Siktemålet er ei brei avtale som omfattar dei fire fridommane i det indre marknadsprogrammet i EF (varer, tenester, kapital og personar) og dertil utanforliggjande område av felles interesse, t.d. miljø, forskning, den sosiale dimensjon og utdanning. Innleiinga av dei for-

melle forhandlingane fann stad 20. juni ved at ein heldt det første møtet i Høgnivågruppa. Parallelt med forhandlingane om ei EØS-avtale har Regjeringa lagt vekt på å følgje opp samarbeidet mellom EF og EFTA som byggjer på Luxembourg-fråsegna av 1984.

Regjeringa har også lagt vekt på å styrkje og byggje ut dei tosidige kontaktane mellom Noreg og dei europeiske samarbeidspartnarane våre.

Samarbeid med sentral- og austeuropeiske økonomiar under omforming har vorte eit nytt hovudsamarbeidsfelt innanfor OECD.

I det nordiske samarbeidet har ønsket om å styrkje den europeiske dimensjonen gjeve seg uttrykk i ei oppdatering av arbeidsprogrammet «Norden i Europa 1989–92». Programmet tek sikte på å styrkje innverknaden som dei nordiske landa har i Europa.

Miljøspørsmål er eit sentralt arbeidsområde for Ministerrådet, der målet i like høg grad er å påverke i breiare internasjonale fora som å betre miljøvernet i Norden.

Noreg har halde fram med å stille troppar til rådvelde for FN til dei fredsvernande styrkane i Sør-Libanon, og har hjelpt til med militære observatørar i Midtausten, Kashmir, Irak og Angola. Norske polititjenestemenn og sivile valobservatørar har teke del i operasjonen til FN i Namibia, og sivile valobservatørar i FN-teneste under vala i Nicaragua.

Regjeringa har følgd aktivt med i utviklinga i Sør-Afrika og prosessen for å avskaffe apartheid på fredelig vis. Regjeringa har stødd opp om dialogen og demokratiseringsprosessen i landet.

Den 18. spesialsesjonen av FNs generalforsamling i april/mai vedtok ei sluttfråsegn som langt på veg innebar ein ny internasjonal konsensus om felles ansvar for utviklinga i verdsøkonomien og i utviklingslanda.

Med sikte på å betre og stabilisere eksportinntektene frå råvaresektoren i utviklingslanda har Regjeringa vore med i eit internasjonalt råvaresamarbeid, både innanfor eksisterande fora og i forhandlingar om nye avtaler.

Arbeidet med å auke importen frå utviklingslanda er ført vidare.

Noreg tek del i energisamarbeidet i Det internasjonale energibyrået, og har vore ein pådrivar for den aukande vekt som IEA legg på miljøsidene ved energipolitikken. Noreg tek dessutan del i det nordiske energisamarbeidet, og har ført vidare dei tosidige kontaktane med OPEC-landa. Noreg har vidare teke del i IPEC, gruppa av uavhengige petroleumseksporterande land, som observatør.

Regjeringa har halde fram arbeidet med å følgje opp rapporten frå Verdskommissjonen for miljø- og utvikling. Debatten og vedtaka

på den 44. sesjonen av Generalforsamlinga i FN markerte slutten på første fase i arbeidet med å setje saka på den internasjonale dagsorden.

Frå 8. til 16. mai 1990 vart den regionale oppfølgingskonferansen om miljø og utvikling halden i Bergen. Ministrar og embetsmenn frå 34 land deltok, saman med representantar for næringsliv, arbeidstakarorganisasjonar, vitenskap og ungdoms- og miljøorganisasjonar. Konferansen utarbeidde ein handlingsplan for miljø og utvikling. Ministrane vedtok ei detaljert fråsegn om nasjonale og regionale tiltak. Det vart vedteke at «føre var»-prinsippet skal leggjast til grunn for utforminga av miljøpolitikken. Miljøtiltaka skal vere mest mogleg kostnadseffektive. Ein skal bruke best mogleg teknologi og inngrepa skal ikkje gå ut over tålegrensene i naturen.

På møtet i London i juni mellom partane i Montreal-protokollen om å ta vare på ozonlaget, kom ein fram til ein plan for raskare avvikling av bruken av ozonødeleggjande stoff. Ein vart også samd om å opprette ei finansieringsordning, med tilleggsmidlar, for å avvikle bruken av ozonødeleggjande stoff i utviklingsland.

På møtet i Nordisk Ministerråd våren 1990 vart det vedteke å opprette eit nordisk miljøfinansieringsselskap NEFCO.

Noreg har fastsett strengare reglar for eksport og import av farleg avfall. Reglane er ei oppfølging av Basel-konvensjonen.

Regjeringa har sett i gang eit omfattande interdepartementalt utgreiingsarbeid som skal gje grunnlag for at Noreg framleis skal ta aktivt del i det internasjonale klimasamarbeidet og for norske utsleppsreduksjonar av drivhusgassar.

Regjeringa har avgjort at vedtaka i Nordsjødeklarasjonen om næringssaltreduksjonar skal gjelde for strekninga svenskegrensa—Lindesnes.

På ministerkonferansen om ureining av Nordsjøen i Haag 7. til 8. mars vart det gjort viktige framsteg. Utslepp av 36 miljøgifter skal reduserast med minst 50 prosent i tidsrommet 1989–95. Ein heldt fast ved vedtaket om å redusere utsleppa av næringssalt til sårbare delar av Nordsjøen med 50 prosent i den same perioden. Det var også semje om strengare internasjonale reglar om utslepp av olje og kjemikaliar frå skip og frå oljeverksemda. Eit norsk framlegg om å forby nedgraving av radioaktivt avfall i Nordsjøen vart vedteke med britisk reservasjon. Møtet i Paris-kommisjonen resulterte m.a. i at det vart sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på radioaktive utslepp.

Noreg har engasjert seg i dei europeiske

forskningsprogramma, STEP og EUREKA/EUROCARE som tek for seg problema som gjeld miljøverknader på bygningsmassen og den materielle kulturarven. Frå og med 1990 har Noreg teke over EUROCARE-sekretariatet.

I Arktis har Noreg teke aktivt del i eit samarbeid med sikte på å utvikle tiltak som skal verne miljøet og få oppretta eit vitenskapleg samarbeid.

I Antarktis har Regjeringa gått inn for å halde fast ved dei norske suverenitetskrava og føre vidare det internasjonale samarbeidet under traktaten. Frå norsk side har ein lagt vekt på å finne fram til kompromissløyser med sikte på å kunne halde fast ved den konsensuspolitikken som samarbeidet har bygd på, samtidig som ein har stilt seg open for konstruktive framlegg på miljøvernssida.

I tillegg til dei tosidige avtalene med land i Europa om varsling har Regjeringa skipa eit innanlandsk fagutval som skal samordne informasjon og andre tiltak ved atomuhell.

Arbeidet med å vidareutvikle det internasjonale forskings- og teknologisamarbeidet har gått sin gang. Avtalene om full norsk deltaking i EF-programmet for miljøvernforskning, medisins- og helseforskning, og likeins SCIENCE, eit program for naturvitenskapleg grunnforskning og forskarutveksling, er underskrivne av Noreg og EF.

Industrisamarbeidet mellom Noreg og EUREKA er framleis under utbygging. 64 verksemdar og 34 forskingsinstitusjonar deltek i dag frå norsk side. Det norske EUREKA-engasjementet utgjer no 1 600 mill. kr.

For å byggje opp under demokratiseringsprosessen i Aust-Europa har COST, det europeiske samarbeidet om vitenskapleg og teknisk forskning, der Noreg er med, nyleg gjort vedtak om å opne for deltaking frå austeuropiske land. Også EUREKA vil leggje tilhøva til rette for samarbeid med land i Aust-Europa.

Regjeringa legg vekt på å byggje ut utdanningssamarbeidet med EF. Noreg har alt sluttast seg til COMETT-programmet om samarbeid mellom universitet/høgskolar og verksemdar om utdanning på teknologiområdet. Vidare arbeider Regjeringa for norsk deltaking i ERASMUS, eit program for å styrkje utvekslinga av studentar og lærarar mellom universitet og høgskolar i EF.

Med utgangspunkt i medlemskapen vår i den europeiske romorganisasjonen, ESA, held teknologiutviklinga fram gjennom norske industrileveransar. Noreg tek del i utviklingsprogramma for den europeiske romferja Hermes og den neste generasjonen av bereraketar, Ariane 5. Noreg tok dessuten del i romstasjonsprogrammet Columbus, det europeiske

bidraget til den internasjonale romstasjonen.

GATT-forhandlingane om ei liberalisering av verdshandelen og utviding av det multilaterale handelssystemet nærmar seg slutten. I juli 1990 vart det halde eit møte på høgt nivå for å gjere opp status og leggje opp tidsplan fram til det avsluttande ministermøtet i Brussel i desember. Noreg tok opp att i forhandlingane i desember 1989, i samråd med Finland, Island og Sverige, kor viktige dei såkalla ikkje-økonomiske faktorane er (miljø, distriktspolitikk, sikker matvaretilgang og sosiale omsyn).

Etter at vi ikkje vann fram i klagesaka i GATT, har Noreg lagt om importvernet for eple og pærer, og notisert det nye, meir liberale systemet til GATT. USA har reist tvil om GATT-legaliteten også til det nye systemet, og ein har hatt konsultasjonar med både USA og EF, utan at saka førebels er løyst.

USA har i 1990 lagt ei straffeavgift på import av laks frå Noreg, fordi dei meiner at norsk eksport av oppdrettslaks blir subsidiert. Amerikanske produsentar har også skulda norske leverandørar for dumping på den amerikanske marknaden.

Det er gjort framsteg i arbeidet med å skape ein nordisk transportmarknad på vegsektoren. Det er også utarbeidd avtaletekstar for ei liberalisering av gods- og persontransport mellom dei nordiske landa og for ei prøveordning med godstransport mellom stader i Noreg med kjøretøy registrerte i andre nordiske land (cabotage).

Det er no innleidd forhandlingar om ei luftfartsavtale mellom Noreg/Sverige og EF. Avtala skal ikkje danne mønster for ei EØS-avtale, og ho skal seinare eventuelt inngå som ein del av ei slik avtale.

Løyvingane til det internasjonale arbeidet som ungdomsorganisasjonane driv, og til internasjonal ungdomsutveksling har fått høg prioritet som ei følgje av den politiske utviklinga i Europa.

Rådet for Noregs-informasjon held fram med arbeidet for å profilere Noreg sterkare i utlandet fram mot og etter dei olympiske vinterleikane i 1994.

Også besøk av internasjonal presse er lagde opp så breitt som mogleg. Utviklinga i nordområda, Bergens-konferansen om miljøvern, Noregs internasjonale engasjement generelt og Lillehammer-OL har trekt mange journalistar til landet.

Norske kulturepresentasjonar i utlandet blir i aukande monn gjennomførte som samordna prosjekt uavhengig av kulturavtalene.

Det vart arrangert ei Noregs-veke i Milano, Italia, hausten 1989 i samarbeid med nærings- og reiseliv og med omfattande kulturinnslag.

Ein brei norsk musikkpresentasjon vart arrangert i Madrid i mai/juni 1990.

Ei rekkje norske utstillingar er viste i utlandet. Likeeins har norske teaterarbeidarar, dansarar, biletkunstnarar, musikarar og filmarbeidarar teke imot omfattande stønad til presentasjonar i utlandet.

Arbeidet med lokal spansk godkjenning av bidraget frå Noreg til verdsutstillinga i Sevilla i 1992 er avslutta. Prosjektet er merkt av eit nært samarbeid mellom offentlege og private instansar.

Den offentlege innsatsen i arbeidet for å fremje eksporten og for internasjonalisering har m.a. komme til uttrykk ved at ein har sett i verk tiltak under den kortsiktige eksportstrategien i 1989, og dei er førte vidare i 1990.

Det økonomiske og handelspolitiske samarbeidet med Sovjetunionen og dei andre aust-europeiske landa er på veg inn i ein kvalitativt ny fase. Som ei følgje av den politiske og økonomiske reformutviklinga blir det arbeid med å tilpasse samarbeidsordningane til den nye situasjonen. For å stø opp om reformprosessen har Noreg teke del i samarbeidet i den vestlege 24-landsgruppa. Noreg har m.a. stått bak ei hjelpepakke for Polen på 220 millionar kroner og ei samarbeidspakke for Aust-Europa generelt på 100 millionar kroner. Noreg har dessutan skrive under avtala om å opprette Den europeiske banken for gjenoppbygging og utvikling, EBRD.

Det økonomiske og handelspolitiske samarbeidet med Kina er blitt vurdert i lys av den politiske utviklinga i landet.

Noreg har teke aktivt del i liberaliseringa av regelverket i COCOM for eksportkontroll av strategiske varer, tenester og teknologi. Som ei følgje av dette er dei norske eksportkontrollprosedyrane gjorde enklare. Regjeringa har lagt vekt på arbeidet i Australia-gruppa, som består av dei fleste vestlege industrilanda, med sikte på å hindre spreiring av kjemiske og biologiske våpen.

Regjeringa arbeider aktivt for å betre tryggleiken til sjøs både for NIS-flagga skip og andre skip. Ein gjennomgår røynslene med NIS med sikte på å kartleggje eventuelle behov for endringar.

Det høge nivået for norsk utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid er ført vidare. Dei totale utbetalingane i 1989 var på nær 6,4 milliardar kroner, og utgjorde 1,04 prosent av bruttonasjonalinntekta, mot 1,13 prosent i 1988. Midlane fordelte seg med 48,9 prosent til tosidig hjelp, 47,3 prosent til fleirsidig hjelp og 3,8 prosent til administrasjon.

Departementet for utviklingshjelp vart slått saman med Utanriksdepartementet 1. januar 1990. Formålet var å sikre ei betre samord-

ning av utanrikspolitikkk og utviklingshjelp, og dermed også oppnå ei effektivisering.

Utbetalingane til fleirsidige hjelpeorganisasjonar var om lag like store som i 1988. Dei største mottakarane var FN's utviklingsprogram, UNDP, og Det internasjonale utviklingsfondet, IDA. Det er lagt vekt på å føre vidare konsentrasjonsprinsippet for den tosidige hjelpa, med auka vekt på hjelp til Afrika sør for Sahara. Støtte til regionale samarbeidstiltak har høg prioritet. Det er lagt særleg vekt på å styrkje samarbeidet mellom SADCC-landa.

Regjeringa har ført vidare samarbeidet med Mellom-Amerika. Målet er å styrkje freds- og demokratiseringsprosessen og medverke til økonomisk utviklingssamarbeid i regionen.

Stønadene til utviklingsprosjekt og humanitært hjelpearbeid som blir utført av frivillige organisasjonar, er vorten ein stadig viktigare del av norsk hjelpepolitikk. Samla vart nær 34 prosent av den reine tosidige hjelpa kanalisert gjennom frivillige organisasjonar i 1989.

Oppfølginga overfor utviklingslanda når det gjeld tilrådingane frå Verdskommisjonen for miljø og utvikling, er gjeven høg prioritet. Stønadene til miljøtiltak er auka, og arbeidet med å integrere miljøomsyn i alle programma og prosjekta er intensivert. Også arbeidet med å integrere kvinnene sterkare i utviklingsprosessen er ført vidare og styrkt.

Regjeringa legg auka vekt på å støtte produktive og sysselsetjingsskapande tiltak i samarbeidslanda våre. Det blir arbeid for å trekkje norsk næringsliv meir aktivt med i denne satsinga.

Evaluering av hjelpetiltak er ein viktig reiskap for å effektivisere og målrette verksemda. Ein har m.a.o. gått gjennom dei sosio-kulturelle sidene ved stønadsverksemda og stønaden på energisektoren i SADCC det siste året.

Regjeringa sette i januar 1990 ned ein ny forsvarskommisjon med tidlegare statsminister Kåre Willoch som leiar. Kommisjonen skal vurdere og komme med framlegg om kva tryggingpolitiske og økonomiske rammevilkår som bør leggjast til grunn for Forsvaret i åra som kjem, og kva konsekvensar desse rammevilkåra bør få for oppgåver, verksemd og struktur i Forsvaret. Perioden kommisjonen skal komme med framlegg for er 1993–1998, med perspektiv fram til 2008.

For Forsvaret er det eventuelt først og fremst tale om endringar på noko lengre sikt på grunn av dei endra aust-vest-forholda. Tilpassingar som ei følgje av auka krav til effektivisering er alt i gang. Omsynet til finanspolitiske heilskapsvurderingar, og ei tryggingpolitisk vurdering, som Regjeringa har

gjort, har ført til ein lågare realvekst på forsvarsbudsjettet for dette året enn føresetnaden var. Den har gått ned frå 2,5 prosent i 1989 til 1,4 prosent i 1990.

Forsvarsdepartementet la i mai 1990 fram ein stortingsproposisjon om visse organisasjonsendingar i Forsvaret. Den strukturen som er lagd fram, er fleksibel og vil kunne fange opp nødvendige tilpassingar.

Arbeidet med å tilpasse fredsstrukturen i Forsvaret til dei nye krava til effektivisering og rasjonalisering held fram.

Leveransane av avdelingsluftvern, RB-70, til Hæren held fram. Arbeidet med å modernisere Leopard-stridsvognene blir ført vidare. Det same gjeld fornyinga av kjøretøyparken i Hæren, av panservernvåpen og kjøp av upansra beltevogner. Utvikling av ein ny felt-radio til Hæren er sett i gang. Heimevernet har fått nye handvåpen. På grunn av innbrott i lagra til Forsvaret dei siste åra er arbeidet for å sikre dei betre ført vidare.

Sjøforsvaret har teke imot den første av i alt seks undervassbåtar av ULA-klassa. Arbeida med å modernisere seks av dei eldre undervassbåtane av Kobben-klassa vart avslutta for to av båtane. Programmet for oppdatering av eskortefartøya er i ferd med å bli avslutta. Kontrakt for kjøp av nye minerydingsfartøy er underskriven. Utbygginga av Kystartilleriet held fram. Eit nytt fort er overlevert.

Eit moderniseringsprogram for å oppdatere motoren til F-16-jagerflya er sett i gang. Eit samarbeidsprosjekt mellom Vest-Tyskland, Storbritannia, Canada og Noreg der ein skulle utvikle ein ny luft-til-luft-rakett med kortare rekkjevidd, ASRAAM, er stoppa. Leveransane av dei maritime overvakingsflya P-3C er noko seinka. Alle helikoptra av typen Bell 412 SP er leverte. Etter vellykka forstudiar vart utviklinga av det framtidige rakettsystemet for luftforsvar av Sør-Noreg, NASAMS, sett i gang. Det er vedteke å skaffe også Luftforsvaret RB-70 luftvernsystem.

Oppattbygginga av Lynx-helikopteret til Kystvakta er sett i gang, og ein ventar å bli ferdig i oktober i år.

Til Forsvarets forskingsinstitutt er det levert eit nytt forskingsfartøy til erstatning for eit eldre.

For å effektivisere drifta av Forsvaret er det investert monalege midlar til kjøp av EDB-utstyr og utvikling av programvare.

Folkemengda pr. 1. juli 1990 var 4 241 575 etter førebels tal. Tilveksten i første halvår var 8 459. Nettoinnflyttinga i første halvår i år var 215 mot 441 i første halvår i 1989. Folketalet i Noreg auka i 1989 med 12 430, som er 9 967 mindre enn året før. Nettoinnflyttinga

frå utlandet minka med 11 613 i høve til året før til ei nettoutflytting på 1 470. Samstundes auka talet på fødde med 1 881 til 59 407. Dette førte til ein auke i talet for samla fertilitet på 2,7 prosent i 1989 til 1,89.

Ved utgangen av 1989 var 14,3 prosent av folkemengda 67 år og eldre, og 20,4 prosent var under 16 år. Det var på same tid registrert 140 312 med utanlandsk statsborgarskap, ein auke på 4 365 i 1989. Talet på borgarar av europeiske nasjonalitetar gjekk ned med 1 216 til 73 252.

Sysselsetjinga målt i talet på personar har gått tilbake sidan sommaren 1987. Frå 1988 til 1989 var nedgangen i talet på sysselsette om lag 65 000 personar, ellert 3,1 prosent. Denne utviklinga heldt fram inn i første halvåret av 1990. I høve til 1. halvåret 1989 var sysselsetjingsnivået i 1. halvår i år 36 000 personar, eller 1,7 prosent, lågare. Men etter det Arbeidskraftundersøkinga frå 2. kvartalet 1990 viser, auka sysselsetjinga med 31 000 frå 1. til 2. kvartalet 1990. Det er ein sterkare vekst enn i same perioden i 1989.

Frå 1988 til 1989 var det nedgang i sysselsetjinga i alle næringar med unntak av offentleg og privat tenesteyting, der sysselsetjinga var om lag uendra. Frå 1. halvåret 1989 til 1. halvåret 1990 auka talet på sysselsette i offentleg og privat tenesteyting med 3,1 prosent.

Tilgangen på registrerte ledige arbeidsplassar var i 1989 monaleg lågare enn i 1987 og 1988. Tilgangen viser likevel ei svak positiv utvikling gjennom 1989. Den positive utviklinga er styrkt i 1. halvår 1990.

Den registrerte arbeidsløysa auka med om lag 18 500 personar i 1989. I januar 1990 var det registrert 101 900 ledige ved arbeidskontora. Talet på registrerte ledige har synt nedgang gjennom vinteren og våren 1990. Auken i sommarmånadene må ein sjå i samheng med at arbeidsmarknadstiltaka er trappa ned. Summen av registrerte ledige og personar på arbeidsmarknadstiltak for ordinær arbeidskraft har synt nedgang gjennom heile første halvdel av 1990.

Arbeidsløysa auka i alle landsdelar i 1989. Særleg sterk var auken i fylke med større byområde.

Som i 1989 var det også i 1. halvår 1990 fleire menn enn kvinner som var registrerte som arbeidslause.

I 1. halvår av 1990 utgjorde ungdom under 20 år i gjennomsnitt 6,7 prosent av den registrerte arbeidsløysa. Det er lågare enn i 1. halvår 1989.

Frå januar 1989 til januar 1990 auka delen av langtidsledige frå 18,8 til 26,3 prosent. Både talet på langtidsledige og den gjennomsnittlege tida dei går arbeidsledige, har halde fram

å auke gjennom 1. halvåret 1990. Langtidsledige er derfor saman med ungdom no prioriterte når det gjeld tildeling av tiltak.

Arbeidsmarknadstiltaka har aldri hatt større omfang enn i 1990. I januar 1989 var talet på personar på arbeidsmarknadstiltak utanom attføringstiltak 25 100. I januar 1990 var dette talet komme opp i 48 700. Arbeidsmarknadstiltaka er spesielt retta mot kvalifisering og ein prøver å tilpasse dei til den lokale arbeidsmarknaden. Omfanget av tiltaka var i 1. halvår 1990 57 900. Av desse var 46 800 for ordinære arbeidssøkjjarar og 11 100 for yrkeshemma.

Regjeringa har ført vidare alle ekstraklasser i den vidaregåande skolen, og dessutan oppretta endå fleire nye elevplassar gjennom disponeringar frå beredskapsløyvinga. Også i samband med ekstraordinært vedlikehald av statlege bygg, auka lånerammer i Husbanken og ved å forsere store prosjekt i Nordsjøen er sysselsetjinga styrkt.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen i dei seks første månadene av 1990 4,3 prosent høgare enn i same periode i 1989. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 6,2 prosent og industrinæringa synte ein auke på 0,9 prosent. Det var ein produksjonsnedgang på 3,7 prosent i skjerma industri og ein nedgang på 0,8 prosent i heimekonkurrerende industri. Utekonkurrerende industri og bergverksdrift hadde ein auke på 7,0 prosent i høve til i same perioden året før.

Produksjonen av olje og gass på den norske kontinentalsokkelen var i 1989 103,6 mill. tonn oljeeiningar mot 85,1 mill. tonn oljeeiningar i 1988.

I 1989 vart oljeproduksjonen avgrensa med 7,5 prosent i høve til den produksjonen selskapa hadde planlagt. Stortinget vedtok i desember 1989 at produksjonsavgrensinga skulle vere på 5 prosent i 1. halvår 1990. I juni 1990 vart avgrensinga oppheva for oljeproduksjon utover 1. halvår 1990.

Investeringskostnadene til faste installasjonar og rørleidningar på kontinentalsokkelen var i 1989 nær 26 milliardar kroner. Dette er ein mindre auke frå året før. I det same tidsrommet kom leitekostnadene opp i 5 milliardar kroner, ein auke på 850 mill. kroner frå året før.

Pr. 31. desember 1989 er det totalt påvist 5 201 mill. tonn oljeeiningar på norsk sokkel, dvs. ein auke på 53 mill. tonn oljeeiningar i høve til året før. Grunnen til auken er ei oppjustering av ressursgrunnlaget for felt i produksjon og i andre felt og funn.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1989 8 424 mill. liter. Det er ein reduksjon frå året før på 2,3 prosent. Totalsalet i første halv-

år 1990 var på 3 920 mill. liter, ein nedgang på 3,7 prosent samanlikna med same perioden i 1989.

Produksjonen av elektrisk kraft var i 1989 119 milliardar kilowatt-timar (TWh), som er ny rekord og ein auke på 8 prosent i forhold til 1988. I første halvår 1990 var produksjonen av kraft 61 TWh. Det er ein oppgang på 3 prosent i høve til første halvår i 1989. I 1989 var det eit eksportoverskott på 15 TWh mot 5,7 TWh i 1988. Produksjonsauken kom i hovudsak av unormalt mykje nedbør. På grunn av ekstraordinært høg produksjon, mild vinter og ein lite fleksibel kraftmarknad rann det vassmengder med eit energiinnhald på 6 TWh forbi driftsklare maskiner i 1989.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft gjekk i første halvåret av 1990 opp med 1,4 prosent i høve til same tidsrommet året før. I tolv månadersperioden juli 1989 til og med juni 1990 var bruttoforbruket av kraft 104,9 TWh, ein oppgang på 1,4 prosent i høve til same perioden eitt år tidlegare.

I 1989 auka installert maskinkapasitet med 1 014 megawatt (MW) og fastkraftproduksjonsevna med om lag 2,2 TWh. I første halvåret i 1990 var tilveksten i installert maskinkapasitet 52 MW, og fastkraftproduksjonsevna auka med om lag 0,2 TWh.

Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i år låg i gjennomsnitt 4 prosent høgare enn i den tilsvarande perioden i fjor. Tilsvarande tal året før var 4,7 prosent.

Den reviderte nasjonalrekneskapsstatistikken for 1989 viser at bruttoinvesteringa i fast kapital i varehandel var 3 937 mill. kroner i 1989 og 4 967 mill. kroner i 1988. Sysselsetjinga i varehandelen vart redusert noko gjennom 1989 og inn i første halvår 1990.

I første halvår 1990 vart det omsette volumet i detaljhandelen totalt auka med 1,4 prosent samanlikna med første halvåret 1989. Utanom motorkjøretøy og bensin auka det omsette volumet i detaljhandelen med 2,3 prosent.

I engroshandelen har det omsette volumet stige med 2,6 prosent første kvartalet i 1990 samanlikna med den same perioden året før. Utanom motorkjøretøy, brensel og drivstoff var stigninga 2,2 prosent i engroshandelen i denne perioden.

Overnattingsstatistikken for hotell og andre overnattingsstader synte eit fall i 1989 på 2 prosent frå året før. Norske gjestedøgn gikk ned med 4 prosent, medan utanlandske gjestedøgn auka med 2 prosent. Totalt er det registrert om lag 11,6 mill. gjestedøgn i 1989, og av desse er omtrent 70 prosent norske. På campingplassane er det registrert vel 4,7 mill. overnattingar, ein auke på 2,4 prosent frå året

før. Nordmenn står her for 59 prosent av belegget. Dei totale reisevalutainntektene til Noreg var i 1989 9,2 milliardar kroner, 4,2 prosent mindre enn i 1988. Reisevalutautgiftene var 19,6 milliardar kroner, 12,5 prosent mindre enn i 1988. 1989 er første året på over 20 år med nedgang i eksportunderskottet for reise- trafikken.

Frå første halvår 1989 til første halvår 1990 steig dei samla utgiftene på statsbudsjettet utanom utgifter til statleg petroleumsværksemnd og lånetransaksjonar med 7,8 prosent. Inntektene på statsbudsjettet auka i same perioden med 1,5 prosent når ein held oljeinntekter og overføringar frå Noregs Bank utanom. I første halvår 1990 var underskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 6,1 milliardar kroner. Underskottet før lånetransaksjonar, korrigert for oljeskattar, statleg petroleumsværksemnd og overføringar frå Noregs Bank, var i første halvår 1990 27,4 milliardar kroner, mot eit underskott på 18,6 milliardar kroner i den same perioden i 1989.

Den samla innanlandske kreditttilførsla auka med 5,5 prosent i 1989. Auken i kredittindikatoren var dei siste 12 månadene fram til utgangen av juli i år 4,7 prosent, eller noko i underkant av den nedre grensa av intervallet på 5—9 prosent som er sett som hjelpemiddel for å vurdere kredittpolitikken.

Førebels tal viser at pengemengda auka med 5,3 prosent dei siste 12 månadene fram til utgangen av juli. Pengemengdeveksten er i 1990 rekna til 7,5 prosent.

Etter ei vedvarande stigning i pengemarknadsrentene sidan september i fjor, vart dagslånsrenta i Noregs Bank auka frå 10 til 11 prosent 16. november 1989. Pengemarknadsrentene steig til nesten 13 prosent i desember, men fall seinare samstundes med at internasjonale renter steig. I siste halvdel av februar var gjennomsnittet av rentenivået hos handelspartnerane våre på same nivå som den norske pengemarknadsrenta.

Sidan utgangen av april har pengemarknadsrentene falle og 27. august vart dagslånsrenta sett ned frå 11,0 prosent til 10,5 prosent. Pengemarknadsrentene har falle noko etter dette. Rentedifferansen overfor utlandet har sidan den siste reduksjonen i dagslånsrenta lege rundt null.

Rentemarginen i bankane låg ved utgangen av juni i år 0,1 prosentening under nivået ved årsskiftet.

Førebels tal viser at resultatata er forverra både for forretnings- og sparebankane (driftsresultat etter tap) i 1. tertial i år i forhold til 1. tertial 1989.

Tilsvarende fekk kredittføretaka eit mindre overskott i 1. tertial 1990 enn i same periode i

fjor. Dei seks største finansieringsføretaka snudde underskottet frå dei siste åra til eit lite overskott i 1. tertial.

Frå årsskiftet og fram til midten av september steig totalindeksen ved Oslo Børs med 14 prosent. Sidan toppnivået på 666 poeng vart notert 2. august har totalindeksen falle med om lag 10 prosent.

I valutamarknaden har den norske krona sidan inngangen til 1989 lege stabilt rundt sentralverdien i svingingsområdet.

Korrigert for netto terminplikter var valutareservane ved utgangen av 1989 82 milliardar kroner, mot 89 milliardar kroner året før. Noregs Bank gjekk i 1989 inn både med kjøp og sal av valuta, og desse internvensjonane innebar eit nettosal av kroner på nær 11 milliardar kroner. Når valutareservane ikkje vart tilsvarende reduserte, har dette i første rekkje samanheng med renteinntektene til Noregs Bank. Fram til utgangen av august i år har Noregs Bank netto kjøpt valuta, og valutareservane korrigererte for netto terminplikter var ved utgangen av august om lag 88 milliardar kroner.

Frå 1. juli i år vart valutareguleringa bygd vidare ned. Noreg er etter dette på linje med den norma som dei andre OECD-landa tilpassar seg.

Finansinstitusjonane fekk 9. februar i år utvida tilgang til å plassere i aksjar. Vidare fekk bankane og finansieringsselskapa 1. juli lov til å leggje ut obligasjonar med løpetid inntil 30 år.

Ved gjennomføringa av finanspolitikken i 1990 er det lagt stor vekt på å gjennomføre budsjettoplegget slik det vart vedteke av Stortinget hausten 1989. I den grad det i vår har vore naudsynt å fremje forslag om auka løyvingar, har ein samstundes reist forslag om lågare løyvingar på andre område.

Førebels oppgaver over varebyttet med utlandet syner at verdien av innførsla utanom skip og oljeplattformer i dei seks første månadene av 1990 var 76,0 milliardar kroner. Verdien var 7,9 milliardar kroner meir enn i fjor. Verdien av utførsla utanom skip og oljeplattformer var 90,2 milliardar kroner i same perioden eller 1,0 milliard meir enn i januar—juni 1989. Av utførsla i dei første seks månadene utgjorde råolje og gass 34,9 milliardar kroner, mot 35,8 milliardar kroner i fjor.

For perioden januar—mai 1990 syner førebels oppgaver for driftsrekneskapen overfor utlandet eit underskott på 2,8 milliardar kroner mot eit overskott på 3,0 milliardar kroner for januar—mai 1989.

For varer og tenester i alt var det eit eksportoverskott på 9,0 milliardar kroner i januar—mai 1990 mot 15,2 milliardar kroner i

same periode året før. Eksportoverskottet i januar—mai 1990 fordeler seg på varer og tenester i same følgd med 6,6 og 2,4 milliardar kroner. Tilsvarende tal for same periode i 1989 var 13,6 og 1,6 milliardar kroner.

Den norskregistrerte handelsflåten auka med 8,6 mill. dødvekttonn i første halvår i år, og var på 39,1 mill. dødvekttonn ved utgangen av juni 1990. 270 skip på til saman 2 mill. dødvekttonn var registrerte i det ordinære norske skipsregisteret, medan 853 skip på til saman 38,4 mill. dødvekttonn var registrerte i Norsk Internasjonalt Skipsregister, NIS.

Ved utgangen av juni 1990 var det ved utanlandske verkstader tonnasje under bygging eller tinga for norsk rekning og under norsk flagg på til saman 5,3 mill. dødvekttonn. Det er ein auke på 4,3 mill. dødvekttonn frå juni 1989. Fraktratane gjekk opp i 1989 og noko ned for dei fleste marknadene dei første månadene i 1990. Ved utgangen av juni 1990 låg ein svært liten del av flåten i opplag. I juni var det registrert 37 norske riggar i opplag.

I 1989 auka fraktinntektene frå skipsfarten kraftig. Brutto fraktinntekter frå skipsfarten utgjør 22 prosent av eksportinntektene våre, utanom råolje og naturgass, og netto fraktinntekter var på 14,6 milliardar kroner.

Rente- og stønadsbalansen syner eit underskott på 11,8 milliardar kroner i januar—mai 1990 mot 12,2 milliardar kroner i januar—mai 1989. Underskottet i 1990 fordeler seg på renter, aksjeutbytte m.m. og stønader i same følgd med 5,5, 4,3 og 2,1 milliardar kroner.

Trass i underskottet på driftsrekneskapen i januar—mai 1990 syner førebels oppgåver at Noregs nettogjeld gjekk ned med 2,8 milliardar kroner etter at netto omvurderingar av fordringar og gjeld, særskilt som følgje av valutakursendringar, utgjorde 5,7 milliardar kroner på plussida i denne perioden. Nettogjelda overfor utlandet ved utgangen av mai 1990 er etter dette 127,9 milliardar kroner.

I Gullfaks fase II-prosjektet starta produksjonen frå C-plattformen i januar i år. Veslefrikkfeltet hadde produksjonsstart ved årsskiftet 1989/90. To felt har starta produksjonen i 1990, Gyda og Hod. I mars i år vart det vedteke å byggje ut Brage-feltet, og produksjonen er planlagt å ta til i januar 1994.

Arbeidet med rørleidningslova held fram. Lova vil regulere bygging og drift av eventuelle stamrørleidningar for transport av petroleum over land i Noreg, og ein må sjå ho i samanheng med dei forhandlingane som går føre seg om sal av gass til Sverige og marknaden for gass i Noreg.

Stortinget godkjende hausten 1989 å flytte ilandføringsstaden for kondensatet frå Sleipner Aust frå Teesside i Storbritannia til Kår-

stø. Ein eigen rørleidning vil bli lagd frå feltet til ilandføringsstaden på Kalstø. I tillegg vil Kårstø-anlegga bli utvida.

Rettskavarane på Troll-feltet har lagt fram ein revidert plan for utbygging og drift av Troll Aust basert på eit landanlegg i Øygarden i Hordaland. Etter planen skal gassen bli overført frå ei brønnhovedplattform på feltet til eit landanlegg for vidare transport gjennom Zeepipe.

Den 13. konsesjonsrunden vart utlyst 15. mars i år. Det er utlyst i alt 52 blokker eller delar av blokker. Dei fordeler seg med 22 blokker i Nordsjøen, 5 på midtnorsk sokkel og 25 i Barentshavet. I tillegg er det som vanleg høve til å søkje på tidlegare utlyste blokker nord for Stad som det ikkje er gjeve konsesjon på.

På norsk sokkel er det påvist store mengder gass. Det er derfor ei klar målsetjing at leiteaktiviteten no skal rettast mot olje framfor gass. For å ta vare på dei overordna måla har ein i den 13. runden lyst ut blokker der det er god von om å finne olje. Søknadsfristen for selskapa er 14. september 1990. Tildelinga av utvinningsløyve vil kunne finne stad ved årsskiftet 1990/91.

Stortinget slutta i vårsesjonen opp om framlegget frå Regjeringa til ny energilov. Målet med den nye lova er å effektivisere kraftmarknaden ved å leggje tilhøva til rette for auka konkurranse innan kraftomsetninga. Ein ønskjer også på ein betre måte å utnytte variasjonane i vasskraftproduksjonen. Dette vil føre til at ein betre kan nytte ut energien og ressursane i kraftforsyninga.

For å forenkle det næringsretta verkemiddelapparatet for forskning og utvikling vart NTNf og Bransjeforskningsfondet slått saman 1. april 1990. Også Norsk Romsenter og Tromsø Satellittstasjon er slått saman til éin institusjon. NTNf har utarbeidd eit framlegg for å gjere den teknisk-naturvitskapelege instituttstrukturen enklare.

Det er utvikla eit godt samarbeid med Næringslivets Hovedorganisasjon når det gjeld statlege utviklingskontraktar som næringspolitisk verkemiddel. Miljøteknologi er frå 1990 etablert som eit nytt satsingsområde innanfor næringsretta forskning og utvikling.

Den fireårige handlingsplanen for informasjonsteknologi er inne i sitt siste år. Planen vart evaluert våren 1990. Evalueringa syner m.a. at utdanningsdelen har vore ein suksess, og at fleire andre delområde òg har gjeve bra resultat.

Ved ei lovendring i juni i år vart statens heimfallsrett til bergverk oppheva, slik at gruveutstyr, vegar og eigedomar ikkje lenger vederlagsfritt går til staten når konsesjonstida

er ute eller verksemda blir lagd ned. Bergverkskonsesjonar vil heretter som hovudregel bli gjevne utan tidsavgrensing.

Ved forskrifter av 15. juni 1990 vart det innført unntak frå konsesjonsplikt når utlendingar kjøper fritids- og næringseigedom. Unntaket gjeld berre fastbuande utlendingar, og berre for eigedom som eigaren sjølv brukar.

Regjeringa har etter inngått avtale selt 80 prosent av aksjane i Norsk Jern Holding AS, og meininga er å selje dei 20 prosentane som er att, på best mogleg vilkår. Vidare har Regjeringa delprivatisert og børsnotert Raufoss A/S ved å la private eigarinteresser ta over 46,7 prosent av aksjane i selskapet.

Hovudoppgåva til prisstyresmaktene har vore å arbeide for ein effektiv ressursbruk og låg prisauke ved å effektivisere konkurransen i næringslivet.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal komme med framlegg til ein ny statsselskapsmodell gjennom revisjon av statsselskapslova. Regjeringa har sett ned eit utval som skal komme med framlegg til reformer når det gjeld bruken av styre i staten.

Etter framlegg frå det regjeringsoppnemnde lovstrukturutvalet og Regjeringa vart 321 uaktuelle lover oppheva. Talet på lover vart dermed redusert med nærare ein tredel.

Regjeringa har sett ned næringslovutvalet med det formålet å forenkle regelverket i høve til næringsverksemd.

I innanlandsk persontransport vart det i 1989 utført eit transportarbeid på 50,2 milliardar personkilometer. Dette er ein svært liten auke frå året før.

Privatbilane står for vel 78 prosent av dei registrerte persontransportane. Frå ein årleg auke på 5–7 prosent gjekk transportyttingane som personbilane står for, opp med 1 prosent frå 1988 til 1989.

Godstransportarbeidet synte ein vekst på 5 prosent frå 1988 til 1989, og det samla gods-transportarbeidet innanlands var i 1989 på 25,3 milliardar tonnkilometer. Sjøtransporten utgjer framleis den største delen av gods-transportarbeidet.

Ved utgangen av 1989 var det offentlege vegnettet på 88 174 kilometer, som er ein vekst på 596 kilometer. Riksvegnettet utgjer 26 147 kilometer, og av dette har 97 prosent fast dekke. Ved utgangen av 1989 var det tilfate med 10 tonns aksellast på 76 prosent av riksvegnettet utanom teleløysinga, mot 74 prosent året før.

I 1989 vart det opna 139 bruer på riksvegnettet. I tillegg til desse vart det opna 6 gang- og sykkelbruer.

I 1989 vart det bygd 23 kilometer tunnel. Det største og mest kompliserte veganlegget i

Noreg til no er Fjellinjen gjennom Oslo. Oslo-tunnelen, som er ein del av dette anlegget, vart teken i bruk 18. januar 1990. Det vart også opna tre undersjøiske tunnelar i 1989. Arbeidet med den undersjøiske tunnelen på Skålavegen vart sett i gang i 1989.

I 1989 vart 82 ulykkespunkt og 24 ulykkesstrekningar utbetra. Det vart bygd 114 kilometer nye gang- og sykkelveggar.

Ved utgangen av 1989 var det registrert 2 902 400 kjøretøy i Noreg. Det er ein auke på 0,3 prosent frå året før. Bilparken har gått ned med 0,1 prosent og personbilparken med 0,6 prosent. Ved utgangen av 1989 var det 2,2 personar pr. registrert bil og 2,6 personar pr. registrert personbil i Noreg.

I 1989 vart 11 871 pesonar drepne eller skadde i trafikken. Det er ein auke på 4,7 prosent frå året før. Talet på drepne gjekk opp frå 378 til 381 i 1989.

«Aksjon skoleveg» på fylkesveggar og kommunale veggar vart ført vidare.

Det er no oppretta automatisk trafikk kontroll i 10 fylke.

Ved utgangen av 1989 var det 148 ferjesamband på riks- og fylkesvegnettet. Desse sambanda vart trafikkerte av ein flåte på 233 ferjer.

Passasjertrafikken over norske lufthamner gjekk i 1989 ned med 4,2 prosent. Særleg stor var nedgangen i chartertrafikken med 33,1 prosent, medan rutetrafikken hadde ein nedgang på 1,1 prosent. I 1990 ser det likevel ut som om utviklinga har snudd. Ved utgangen av første halvår viser passasjertrafikken totalt sett ein vekst på 6,1 prosent.

Stortinget vedtok 1. juni 1990 å stanse planlegginga av ny hovudflyplass på Hurum. Samtidig vedtok Stortinget at Gardermoen skal oppdaterast og planleggjast som ny hovudflyplass for Oslo-området.

Det er i 2. kvartal 1990 ferdigstilt og teke i bruk ny ekspedisjonsbygning med dei anlegg som høyrer til, på Bodø lufthavn.

På Stavanger lufthavn, Sola er det oppført eit parkeringshus med 600 plassar.

Godstrafikken med jernbanen, utanom Ofofbanen, rekna i tonnkilometer auka med 6,9 prosent frå 1988 til 1989. På Ofofbanen var veksten 6,1 prosent. Persontransportarbeidet hadde ein vekst på 1,2 prosent.

NSB har gjennomført ei omfattande omlegging for Inter-City-toga i Austlandsområdet. Toga på Vestfold-, Austfold- og Dovrebanen korresponderer no på Oslo Sentralstasjon. Pendeltog i kvar retning mellom Skien og Lillehammer gjer at gjennomgangsreisande slepp å byte tog i Oslo.

Første trinnet av dobbeltsporet mellom Ski og Moss vart opna for trafikk 1. juli 1990.

Telefontrafikken innanlands auka med 3,3 prosent og til utlandet med 4,1 prosent frå 1988 til 1989. Totalproduktiviteten i Televerket auka i den same perioden med heile 6,0 prosent. Pr. 31. desember 1989 var det installert i alt 2 024 934 telefonabonnement. Det er ein auke på 53 404. Telefontettleiken i Noreg var på 48,9 pr. 100 innbyggjarar.

Statens teleforvaltning har i 1989 gjeve 488 typegodkjenningar av telekommunikasjonsutstyr. Det er en auke på 25 prosent. Ved utgangen av 1989 hadde STF gjeve 2 837 autorisasjonar, som er ein auke på 16 prosent. I same perioden auka det totale talet på kabel-TV-nett med konsesjon til 407 og dei med meldeplikt til 1 688.

Konsesjonar som er gjevne til stasjonære og mobile radiostasjonar auka med om lag 12 prosent frå året før.

Det samla talet på postsendingar gjekk ned med 0,7 prosent frå 1988 til 1989. Talet på brevpostsendingar var i 1989 1 523 569 000. Talet på postkontor og brevhus gjekk ned frå 2 645 i 1988 til 2 579 i 1989.

Landbruket er inne i ein periode med stadig større aktivitet for betre miljø og ressursdisponering. Den samla ressursinnsatsen til miljøtiltak i landbruket vil i 1990 bli 890 millionar kroner som er ein auke på 90 prosent frå 1989.

Mykje av innsatsen i landbruket i år og dei næraste åra vil vere knytt til arbeidet med å følgje opp internasjonale skyldnader, i første rekkje Nordsjø-avtalen.

Omfanget av tekniske miljøinvesteringar i landbruket er rekna til å bli om lag 300 mill. kroner i 1990. Forskrifta for tilskott til slike tiltak vart endra i mars 1990 med det for auga å gjere bruken av midlane meir effektiv.

Det blir i år gjennomført ein holdnings- og informasjonskampanje som er retta mot dei som driv jord- og skogbruk, men også mot folk flest.

Frå 1990 er det innført ei ordning med omstillingsstønad til dei som ønskjer å gå over til økologisk drift. Det er også innført eit areal- og kulturlandskapstillegg som på sikt skal vere med å minske erosjonen og betre vedlikehaldet av verdfulle kulturlandskapselement.

Over store delar av Nord-Noreg kom våronna i gang til vanleg tid. Det har stort sett vore gode vekstforhold i Sør-Noreg dette året, og ein ventar gode avlingar. I Trøndelag og særleg i Nord-Noreg har det vore meir sparsamt med nedbør, og her må ein rekne med noko reduserte avlingar.

Situasjonen i pelsdyrnæringa er framleis kritisk. Det er derfor sett inn særskilde verkemiddel med sikte på å halde oppe eit minimum av norsk skinnproduksjon gjennom den lågkonjunkturen vi no opplever.

Reaktorulykka i Tsjernobyl i 1986 gjer det framleis nødvendig med tiltak for produsentar som har dyr på utmarksbeite.

Produksjonen av mjølk i 1989 vart langt høgare enn venta, og for dei første 4 månadene av 1990 ligg produksjonen 5 prosent høgare enn i 1989. På grunn av monaleg større leveransar enn venta, vart mjølkekvotane til produsentane skorne ned med 3 prosent. Reviderte prognosar for 1990 går ut på at det vil bli vege inn 1 848 mill. liter mjølk, 13 mill. liter meir enn i 1989.

Şalet av mjølk held seg stabilt, og overgangen frå heilmjølk til lett mjølk held fram. Det har vore ein svak nedgang i ostesalet.

Marknadssituasjonen for kjøtt er prega av overskott. Problema er størst innanfor storfe- og sauekjøttproduksjonen.

Jordbruksforhandlingane i år enda med avtale mellom staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Avtala inneber at moderasjonslinja i lønnsoppgjera blir ført vidare i jordbruksoppgjeret. Inntekta pr. årsverk i jordbruket er 96,2 prosent av industriarbeidarlønn i 1990. Dette er ei vidareføring av det inntektsnivået ein la til grunn for 1989 og åra før. I fordelinga av inntektstillegga tek ein sikte på å føre vidare den noverande inntektsfordelinga mellom ulike produksjonar, distrikt og bruksstorleikar.

Verkemidla i landbrukspolitikken er forenkla og lagde om i produksjonsnøytral retning.

I skogbruket vart det i driftssesongen 1989/90 avverka 10,7 mill. kubikkmeter skogvirke til sal og industriell produksjon. Bruttoverdien av det som vart avverka i 1989/90, var 3 500 mill. kroner, det same som året før. Prognosar som byggjer på oppgaver pr. 1. april 1990 tyder på at den samla avverkinga for driftsåret 1989/90 vil bli 10,8 mill. kubikkmeter. Både resultatata for 1988/89 og 1989/90 er rekordtal.

Produksjonen av treforedlingsprodukt steig med vel 8 prosent frå 1988 til 1989. Eksporten av treforedlingsprodukt synte også ei positiv utvikling i den same perioden. Treforedlingsindustrien har tradisjonelt hatt ein heller stor import av virke til produksjonen sin, men den har gått merkbar ned dei siste åra som ei følgje av auka norsk avverking.

Trelastindustrien har auka produksjonen sin med 5 prosent frå 1988 til 1989. Nettoeksporten er venta å auke ytterlegare i 1990, medan den innanlandske etterspørselen er venta å halde fram med å gå ned.

For 1. halvår 1990 er oppfiska kvantum 785 000 tonn med ein førstehandsverdi på 2 047 mill. kroner. Dette er ein nedgang i kvantum på ca. 200 000 tonn og i verdi ca. 470 mill. kroner. Årsaka til nedgangen er hovudsakleg dei sterke reguleringane i fisket etter

torsk og hyse. I tillegg er oppfiska kvantum av industrifisk og sild redusert: industrifisk med 35 000 tonn og sild med 44 000 tonn.

Av oppdrettsfisk vart det i første halvår 1990 omsett nesten 86 000 tonn til en verdi av 2 580 mill. kroner. For 1989 var kvantumet i same tidsrom 49 000 tonn og verdien 1 700 mill. kroner.

Samla eksportverdi av fisk og fiskeprodukt for dei fem første månadene i 1990 auka med om lag 431 mill. kroner til 4 491 mill. kroner.

Den vanskelege situasjonen særleg når det gjeld ressursane i Barentshavet har også i 1990 stilt krav om strenge reguleringar. Totalkvoten for torsk og hyse i Barentshavet er historisk sett låg. Også når det gjeld ressursane i Nordsjøen, ligg kvotane noko lågare enn dei siste åra.

I 1987 og 1988 vart overføringane til fiskerier næringa reduserte. Etter 1988 har situasjonen endra seg både som ei følgje av langt dårlegare marknadssituasjon og negativ ressursutvikling. Regjeringa kom derfor til at stønaden for 1990 burde vere større enn i 1989 då avtala var på 900 mill. kroner. Det vart ikkje semje i forhandlingane mellom Norges Fiskarlag og staten om storleiken på stønaden for 1990. Etter forslag frå Regjeringa fastsette Stortinget stønadssummen til 1 125 mill. kroner.

Som ledd i eit fleirårig program er det på statsbudsjettet for 1990 sett av 40 mill. kroner til eit fullskala havbeiteforsøk.

Arbeidsrutinane med asylsakene i politiet er vortne meir rasjonelle. Dei viktigaste endringane gjeld sentralisering av avhørsarbeidet og iverksetjing av bortvisingsvedtaka. Saksbehandlingstida i asylsaker er redusert til om lag det halve.

I odelstingsproposisjonen om lov om endringar i straffelova m.m. som gjeld samfunnssteneste, har Regjeringa foreslått at samfunnssteneste blir gjort til ei hovudstraff på linje med fengsel, bøter m.m.

Det er vedteke endringar i straffeprosesslova som medfører at søknad om ettergjeving av straff frå ein straffedømd ikkje lenger har utsetjande verknad.

Det er satt i verk ein plan for å avvikle soneinnsatsen før utgangen av 1991.

Den styrkte innsatsen mot narkotikaproblema har halde fram. Frå 1. januar 1990 er det gjennomført ei styrking av narkotikasambandstenesta. Ein ny nordisk handlingsplan mot narkotika vart vedteken i januar 1990.

Politiet har halde fram med trafikkovervåkingsarbeidet. Utvida bruk av forenkla føreligg tok til å gjelde frå 1. september i år.

Det er sett ned eit utval til å vurdere effektivisering av polititena i distrikta.

Ved endringar av våpenlovgevinga er det

innført registreringsplikt ved nyskaffing av haglevær.

Det er vedteke endringar i lova om fritaking for militærtjeneste av overtaydingsgrunnar. Dette inneber at grunnlaget for fritak blir utvida, og at oppgåva som prosessfullmektig for staten blir overført frå påtalemakta til regjeringsadvokaten.

Det er vedteke ein ny allmenn tenesteinstruks for politiet, og ny våpeninstruks.

Det er vedteke endringar i rettargangslovgevinga med sikte på å rasjonalisere og effektivisere domstolane.

Det er vedteke lovendringar som utvidar og presiserer hjelpeverjeordninga.

Det er lagt fram proposisjonar med framlegg til ei rekkje endringar i straffelovgevinga. Det er gjort framlegg om nye straffebod til vern om freden i privatlivet, strengare straffebod mot heleri, mot uforsiktig omgang med skytevåpen, mot ulovleg innførsle m.m. av alkohol, og mot falske uttrykkingsmeldingar.

Det er sett ned eit utval som skal vurdere spørsmålet om to-instansbehandling av skuldspørsmålet i straffesaker m.m. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere straffettslege og erstatningsrettslege spørsmål i saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn.

Kontrollverksemda er svært viktig i arbeidet for å redusere den økonomiske kriminaliteten i samfunnet. Tiltak er sette i verk for å styrkje og effektivisere denne.

For ytterlegare å betre og effektivisere kontrollinnsatsen til dei ulike kontrolletatane på skatte- og avgiftsområdet, er det sett i gang eit prøveprosjekt med sikte på å utvikle og prøve ut nye samarbeidsformer mellom ulike etatar.

Tollverket har derfor prioritert narkotikakontrollen svært høgt. Det er etablert eigne narkotikagrupper med søkjehundar i tolldistrikta. Varslingstenesta i Tollverket er bygd vidare ut. Tollverket har frå 1. mars 1990 etablert ein narkotipstelefon.

Det vart i 1989 sett i gang bygging av vel 26 000 bustader, dvs. 2 000 færre enn året før. Tal for første halvår 1990 tyder på at det vil bli sett i gang bygging av færre nye bustader i år enn i 1989. Det kjem særleg av at det blir bygd få bustader med finansiering i private kredittinstitusjonar. Prisane på bustadmarknaden og i byggjenæringa har gått ned det siste året.

Det gjennomsnittlege bruksarealet for igangsette bustader i 1989 gjekk ned med vel 12 prosent frå 1988.

Regjeringa har halde oppe eit høgt nivå på den distriktpolitiske innsatsen. Den negative flyttebalansen fleire utkantfylke har hatt gjennom 80-åra, er redusert dei siste par åra.

Administrasjonen i Distriktsutbyggingsfondet har i 1989 gått igjennom ei omfattande omorganisering der avgjerdsmakt og ansvar er vorte desentralisert.

Heile 86 prosent av tilsegnene om stønad er avgjorde i fylka i 1989. Det utgjer vel halvparten av den samla tilsegnssummen på 1 621 mill. kroner.

Samla vart det i 1989 gjeve tilsegn om lån for 728 mill. kroner, garantiar for lån for 179 mill. kroner, investeringstilskott for 409 mill. kroner og tilskott til bedriftsutvikling for 305 mill. kroner.

For 1989 vart det gjeve tilsegn om tilskott til kommunale utbyggingstiltak for i alt 252 mill. kroner.

I 1989 vart det gjeve tilsegn om tilskott for 153 mill. kroner til regionale utviklingstiltak. Til særlege tiltak i Nord-Noreg er det gjeve tilsegn om 49 mill. kroner.

Gjennom frikommuneforsøka i Nord-Trøndelag og Finnmark er fylka tildelt ansvar og avgjerdsmakt over ein del av dei viktigaste distriktspolitiske verkemidla, og dei blir òg tildelt ein del av ramma for nye lån og garantiar. I juni 1990 vedtok Stortinget einskilte mindre justeringar i frikommunelova. Det vart dessutan vedteke å forlengje forsøksperioden med eitt år til 1. januar 1992. Frikommuneforsøket skal no oppsummerast og drøfting av røynsler blir ei sentral oppgåve.

I 1990 er løyvinga til kommunale næringsfond 90 mill. kroner.

Det vart i 1988 løyvt 220 mill. kroner til Rana, 13 mill. kroner vart brukt i 1988, medan det i 1989 er gjeve tilsegn om tilskott for til saman 91 mill. kroner.

Selskapet for industrivekstanlegg, SIVA, er under omorganisering.

Til omstilling på einsidige industristader vart det gjeve tilsegn om 51 mill. kroner.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om effektivisering av ressursbruken når det gjeld mottak av flyktningar og asylsøkjjarar. Mellom anna er det gjort framlegg om å slå saman fleire statlege tilskott til kommunane i samband med busetjing. Ein vil òg leggje om dei statlege mottaka på ein slik måte at ressursane i størst mogleg grad blir brukte på tiltak for dei som har fått opphaldsløyve og skal busetje seg i ein kommune.

Som eit ledd i det langsiktige arbeidet med å skape gode forhold mellom innvandrarar og nordmenn har Regjeringa lagt stor vekt på å utvikle tiltak som kan motverke rasisme.

Sametinget vart oppretta 1. oktober 1989, og det vart formelt opna av H. M. Kong Olav 9. oktober same året. Sametinget kan på eige initiativ reise saker og komme med fråsegner i alle saker som tinget meiner særleg kjem den samiske folkegruppa ved.

Kommunesektoren er framleis merkt av stor ubalanse mellom inntekter og utgifter. Underskottet før lånetransaksjonar i 1989 vart på om lag 7 milliardar kroner. Dei samla inntektene i sektoren er rekna til å stige med 6¼ prosent frå 1989 til 1990, som er ein realvekst på vel 2½ prosent. Underskottet i kommunesektoren før lånetransaksjonar er i revidert nasjonalbudsjett rekna til å bli om lag 5,5 milliardar kroner for 1990. Sjølv om ein reknar med at underskottet går noko ned i høve til 1989, vil sektoren framleis ha ein heller stor ubalanse mellom utgifter og inntekter.

Regjeringa har i storbymeldinga i sommar drøfta den urovekkjande kommunaløkonomiske situasjonen i dei fire største byane, Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Meldinga inneheld ei drøfting av inntektssystemet for kommunane og fylkeskommunane, og det mest omfattande framlegget i meldinga er å endre fordelingsnøklane i inntektssystemet. I tillegg rår ein til å trappe ned tilskottet frå kommunane til folketrygda til null innan 1993.

Det regjeringsoppnemnde kommunelovutvalet har foreslått ei ny felles kommune- og fylkeskommunelov. Framlegget fører til større fridom for kommunar og fylkeskommunar til å organisere verksemda si. Ein tilrår å redusere statleg tilsyn og kontroll med kommunar og fylkeskommunar. Utvalet vil dessutan styrkje den interne styringa og kontrollen. Dei kommunane og fylkeskommunane som ønskjer det, skal etter framlegget frå utvalet kunne vedta å innføre ei parlamentarisk styringsform.

Samferdselsdepartementet har i samarbeid med Miljøverndepartementet sett i gang arbeid med fullstendige transportplanar i dei ti største byområda. I denne samanhengen er det også sett i gang arealplanlegging med sikte på ei betre samordning av arealbruk og transport.

Regjeringa har utarbeidd og vedteke forskrifter for konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova som skal sikre at ein ved alle større utbyggingstiltak vurderer på ein forsvarleg måte konsekvensane for miljø, naturressursar og samfunn.

Ein forhandlar no med private interessentar om å eige og drive det sentrale behandlingsanlegget for spesialavfall.

Arbeidet med å hindre ureiningar i industrien er styrkt. Det er sett i verk eit program for utvikling og demonstrasjon av reinare teknologi. Konesjonspraksisen i industrien er i ferd med å bli lagd om for i større grad å stimulere til førebyggjande tiltak.

Stortinget vedtok i fjor ei miljøavgift på klorfluorkarbon (KFK) og halon. Avgifta er utsett inntil vidare fordi det kan sjå ut som om industrien sjølv kan klare å redusere for-

bruket i stor nok grad. Det vil i alle fall bli sett i verk ei forskrift frå årsskiftet.

Frå 1. oktober 1989 vart det innført strengare avgasskrav for dieseldrevne personbilar, bensin- og dieseldrivne varebilar og kombinerte bilar. Frå den same datoen vart det også innført strengare støykrav for kjøretøy.

Det er sett i gang eit utviklingsprogram for kollektivtransport med brei deltaking frå dei styresmaktene som har ansvaret innanfor dette feltet.

Regjeringa har skjerpa reglane for merking av helsefarlege stoff og produkt. Lista over kreftframkallande stoff er monaleg utvida. Omsetningsrestriksjonane er vortne strengare.

Regjeringa har gjort framlegg om endringar i produktkontrollova for å styrkje forbrukarvernet.

Miljøverndepartementet har fastsett forskrifter om strengare miljøkrav til batteri.

Arbeidet med tiltak innanfor gjenvinning av avfall er forsert. Det er sett av monaleg med midlar for å sikre avsetninga av returpapir.

I sommar er det sett i gang arbeid med eit nytt oljeverndepot på Fedje og ein beredskapsstasjon i Mongstadområdet. Det er også vedteke å leggje eit nytt statleg oljeverndepot i Solund kommune.

I perioden er det oppretta 25 naturreservat, 3 landskapsvernområde og eit fuglefredingsområde.

Regjeringa fastsette i juli ramma for ein verneplan for barskog til 250 km² produktiv skog.

Regjeringa la 13. juli fram ei stortingsmelding om bioteknologi. Meldinga dreg opp linjene for ein nasjonal politikk på området. Det blir gjeve rammer for eit samla lov- og regelverk og for forvaltningsordningar.

Stiftelsen for miljømerking av forbruksvarer har teke til med arbeidet sitt.

Arbeidet med produktsikring er styrkt ved at delar av produktsikringsarbeidet er overført til Familie- og forbrukardepartementet.

Det statlege ansvaret for barnevernet har frå og med 1. januar 1990 lege under Familie- og forbrukardepartementet. Frå 1. september gjeld dette også ansvaret for barnevernslova.

Handlingsplanen for barne- og ungdoms- vernet er ført vidare.

Ein greier ut om det er mogleg å samlokalisere krisesentra for kvinner og sentra for incestutsette.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som vurderer ei gjeldssaneringsordning for familiar som er kome i akutte og store betalingsvanskar.

Ved årsskiftet 1989/90 hadde 128 300 barn plass i barnehage. Det var ein auke på 9 400

plassar på eitt år. Frå 1. januar 1990 har kommunane ansvaret for ikkje berre lokal tilrettelegging og utbygging, men også rettleiing og godkjenning av barnehagar. Det blir arbeidd med alternative tilsynsordningar for førskolebarn.

Det er nytta likestillingspolitiske opplysningsmidlar til å støtte norske kvinneorganisasjonar som ønskjer å orientere seg om demokratiseringsprosessane i Aust-Europa og gjennomføre kontaktskapande tiltak i forhold til kvinner i Aust-Europa.

Som eit ledd i arbeidet for at fedrane skal ta meir del i det private omsorgsarbeidet, har det vorte gjennomført ein kampanje om dei rettane menn har i denne samanhengen.

Det er om lag 900 000 pensjonistar i landet. Det utgjer 1/5 av folkesetnaden. Av desse er det om lag 610 000 alderspensjonistar og 230 000 uførepensjonistar.

Sosialdepartementet har gjort framlegg til endringar i pensjonssystemet i folketrygda som vil betre økonomien i folketrygda og inntektsfordelinga mellom generasjonane på lang sikt. Det blir arbeidd vidare med tanke på å sikre den langsiktige finansieringa av folketrygda.

Det har dei seinare åra vore ein heller stor vekst i uførepensjoneringa. Sosialdepartementet har fått greidd ut utviklinga i uførepensjonsordninga, og det blir arbeidd med å setje i verk tiltak som kan dempe veksten i talet på uførepensjonistar.

Det har også vore ein stor auke i sjukepengeutgiftene og sjukefråværet dei seinare åra. Partane i næringslivet har derfor inngått ei forpliktande avtale om å redusere sjukefråværet. Eit offentleg oppnemnt utval er nyleg ferdig med ei utgreiing om sjukefråværet og sjukelønnsordninga.

Frå 1. mai 1990 er den betalte fødselspermisjonen utvida med 4 veker frå 24 til 28 veker. Inntil 22 av dei kan faren ta ut. I staden for 28 veker med full kompensasjon kan ein ta ut 35 veker med 80 prosent lønnskompensasjon.

Den perioden som yrkesaktive har rett til omsorgspengar vart frå 1. mai 1990 utvida frå 19 til 26 veker.

Eingongsstønaden til kvinner som ikkje har rett til fødsels- eller omsorgspengar som yrkesaktive er auka monaleg.

Frå 1. mai fekk åleinefedrar som tek over omsorga for barnet, rett til fødselspengar uavhengig av rettane til mora.

Frå 1. januar vart det innført gunstigare reglar for inntektsprøving av overgangsstønad for einslege forsørgjarar.

Det er lagt fram ei utgreiing om retningslinjene for regulering av grunnbeløpet i folketrygda.

Grunnbeløpet i folketrygda auka med kr 1 300 til 34 000 frå 1. mai 1990. Satsen for særtillegg er auka. Minstepensjonen er sett opp til kr 54 216 for einslege pensjonistar og til kr 87 960 for pensjonistektepar.

I samband med inntektsoppgjeret for 1988 vart det innført ei ordning med avtalefesta pensjon.

Grunn- og hjelpestønadene frå folketrygda ved uførleik auka med 4,5 prosent frå 1. januar 1990.

Frå 1. mai 1990 er sjukelønnsordninga gjort betre på visse punkt i samband med omsorgsoppgåver m.m.

Særordninga med uførepensjon på grunnlag av alderssvekking for personar i alderen 64 til 67 år fall bort med verknad frå 1. januar 1990.

Frå 1. januar 1990 vart praksisen for behandling av søknad om krigspensjon endra.

Som eit prøveprosjekt har 7 fylkeskommunar teke over ansvaret for sjuketransport på frivillig grunnlag frå 1. januar 1990.

Frå 1. januar vart det ein auke i eigendelen ved betaling i helsesektoren, men taket for eigendelen vart sett ned frå 950 til 880 kroner.

Frå 1. januar fall refusjonen frå folketrygda bort ved trekking av tenner og ved undersøking av tanntilstanden for gravide. Refusjonsordninga for kjeveortopedisk behandling vart forenkla og forbetra, slik at eigendelane for tannreguleringar vart reduserte.

Frå 1. januar fekk barn med astma og allergi godtgjort for fysikalsk gruppebehandling, også gruppebehandling i basseng. Dialysepasientar fekk full godtgjersle for utgifter til fysioterapi.

Det utrekna forbruket av alkohol pr. person gjekk ned i 1989.

Ny lov for omsetning av alkoholhaldige drikkar tok til å gjelde 1. januar 1990. Den kommunale innverknaden på alkoholomsetninga i kommunane er vorten styrkt som ei følgje av den nye lova.

Den 5-årige handlingsplanen til Sosialdepartementet for utbygging av døgnbehandlingstilbodet til stoffmisbrukere er no inne i det tredje året. Det er hittil gjeve tilskott til tiltak som, ferdig utbygde, vil gje om lag 290 nye behandlingsslassar for stoffmisbrukarar.

For å styrkje det førebyggjande rusmiddelarbeidet i kommunane har Sosialdepartementet vidareført eit prosjekt i fem forsøkskommunar.

Prøvefylkeprosjektet til Sosialdepartementet innanfor rusomsorga er avslutta. Både innanfor prøvefylka Nordland og Østfold og i landet elles har det gått føre seg ei endring i retning av meir poliklinisk behandling. Ein kan

på denne måten unngå institusjonsopphald, og langt fleire klientar får eit behandlingstilbod.

Pr. 30. juni 1990 er det meldt om 916 HIV-positive personar. Av dei er 115 registrerte dei siste 12 månadene. Talet på AIDS-tilfelle pr. same dato var 160, og av dei er 108 døde.

Samfunnstiltaka og -tenestene for menneske med psykisk utviklingshemming er under omlegging. Regjeringa har lagt vekt på større fleksibilitet og særleg på den einskildes rett til sjølv å få velje bustadskommune, og vidare på ei oppmjuking når det gjeld bruken av institusjonsbygningane. I 1990 er det m.a. gjeve tilskott til å styrkje tilbodet til heimebuande med psykisk utviklingshemming, og til det kommunale planleggingsarbeidet. Om lag 1 000 personar er, eller vil etter planen bli, utskrivne i 1990.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp har auka monaleg dei siste åra. Det har vore ein oppgang i talet på mottakarar, og stadig fleire har vorte langtidsmottakarar. Sosialdepartementet har derfor sett ned ei arbeidsgruppe som har gått igjennom reglane for økonomisk sosialhjelp, og komme med framlegg til endringar.

Regjeringa la i vår fram ei stortingsmelding om eigenbetaling i helse- og sosialtenesta. Meldinga gjev ein samla presentasjon av prinsippa for eigenbetalingsordninga innanfor helse- og sosialtenesta, og korleis ho konkret er utforma.

Forskrift om godkjenning av kiropraktorar tok til å gjelde 1. juli i år.

Forskrift om ventelisteregister og prioritering av pasientar vart vedteken 25. juli 1990. Målet med forskrifta er å kunne utnytte kapasiteten ved sjukehusa og poliklinikkane betre, og gje pasientane eit mest mogleg likeverdig tilbod same kvar i landet dei bur.

Over 80 forsøksprosjekt og -tiltak er sette i gang eller førte vidare innanfor områda betre brukarmedverknad og brukarorientering, betre samordning mellom nivå og tenestetypar, betre styring, leiing og organisering, endra bruk av spesialkunnskap, betre klassifikasjons- og registreringssystem, effektivisering av kvardagsprosedyrar og generelle spreings-tiltak.

Sosialministeren oppnemnde i januar 1990 ei arbeidsgruppe som har gjeve tilrådingar om leiing av sjukehus.

Som eit ledd i «Samlet plan for utviklingsprosjekter innan det sykdomsførebyggende og helsefremmende arbeid» er det i gang om lag 160 prosjekt innan miljøretta og individretta førebyggjande arbeid i kommunane.

Ein held på å arbeide ut ei ny finansieringsordning for regionsjukehusa. Hovudmålsetjinga er å synleggjere politiske prioriteringar og

sikre universitetsklinikk- og regionfunksjonar.

Psykisk helsevern er for dårleg utbygd og geografisk skeivt fordelt. Sosialdepartementet har derfor utarbeidd ein 5-årig handlingsplan for å styrkje dette feltet (1991—1995).

I handlingsplanen for barnevernet er det sett av 6 mill. kroner til eit toårig landsomfattande prosjekt der ein skal byggje opp kompetanse og tiltak for barn som er utsette for seksuelle overgrep.

Østfold og Sør-Trøndelag driv i samarbeid med Sosialdepartementet forsøk med å redusere ventelistene til sjukehusa. Vurderingane så langt er såpass positive at prøveordninga er utvida med seks nye fylkeskommunar frå hausten 1990.

Kapasiteten innanlands når det gjeld hjar-teoperasjonar er auka. I 1989 vart det utført 2 417 operasjonar i Noreg. I tillegg vart det utført 539 operasjonar på norske pasientar i utlandet.

I 1989 var talet på pasientar som fekk behandling i somatiske sjukehus 622 293, medan det i psykiatriske sjukehus og klinikkar og psykiatriske avdelingar i somatiske sjukehus vart behandla 20 165 pasientar. Dette er ein nedgang i høve til året før, som nok kjem av m.a. auka bruk av poliklinisk behandling.

Sosialdepartementet la i vår fram ei stortingsmelding om røynslene med kommunehelsetenesta. Departementet konkluderer med at utviklinga, etter at lova om kommunehelsetenesta vart gjennomført i 1984, er i samsvar med dei hovudmåla som vart sette opp av Stortinget i samanheng med handsaminga av stortingsmeldinga om helsepolitikken fram mot år 2000. Kommunehelsetenesta bør derfor i store trekk vere uendra.

Det er løyvt 1 milliard kroner for å styrkje eldreomsorga i kommunane med auka rammetilskott, redusert folketrygdavgift og midlar til lønnstilskott til nye stillingar.

Tilgangen på pleiepersonell er framleis vanskeleg. Utdanningskapasiteten i grunn- og vidareutdanning for sjukepleiarar held fram med å auke.

Regjeringa legg vekt på å auke behandlingsskapasiteten innanfor kreftomsorga.

I stortingsmeldinga om den nasjonale helsetenesta er det peikt på at utdanningskapasiteten for psykologar er for låg. Embetsstudiet i psykologi i Tromsø er no ferdig utgreidd og det skal setjast i gang 1. januar 1991.

Den innsatsen som er gjort for å auke rekrutteringa av personell til Finnmark er halde oppe.

Regjeringa har sett det som ei nasjonal oppgåve å sikre at den samiske folkesetnaden får ei betre helseteneste med personell som

snakkar samisk. Det samiske spesialistsenteret i Karasjok har no ekspertise både innanfor somatikk og psykiatri.

I skoleåret 1989—90 var det om lag 483 000 elevar i grunnskolen. Det er 10 000 færre enn skoleåret før. Elevtalet har så vidt begynt å stige på barnesteget, men fell framleis på ungdomssteget.

Talet på framandspråklege elevar har auka med 1 900 det siste året. I 1989—90 fekk 16 140 framandspråklege elevar opplæring i grunnskolen.

Det vart lagt ned 14 grunnskolar siste året. Grunnen er i hovudsak nedgang i talet på elevar, dels på grunn av fråflytting, og betre ressursutnytting. Det er få elevar som er råka av nedleggingane.

Regjeringa har lagt fram ei eiga melding om opplæring av barn, unge og vaksne med særskilde behov. Meldinga tek føre seg omorganiseringa av dei statlege skolane for spesialundervisning. Ei viktig side har vore å klarleggje ansvarstilhøva mellom staten, fylkeskommunane og kommunane på dette området.

Auken i søkninga til vidaregåande opplæring i skole og arbeidsliv held fram i 1990, jamvel om talet på ungdom i alderen 16—19 år vil ha gått ned med 4 700 frå slutten av 1989 til slutten av 1990. Elevtalet i dei fylkeskommunale vidaregåande skolane er auka med 4 000 i 1990. I alt er det no 25 000 elevplassar med ekstraordinært statstilskott. Nedgangen i 1989 i tilbodet på opplæringsplassar innanfor fagopplæringa ser ut til å ha stoppa. Det er løyvt 10 mill. kroner til tiltak for å støtte opp om lærlingar og verksemder som har vanskar på grunn av stoda på arbeidsmarknaden, slik at lærlingane i alle høve kan fullføre kontraktsoplæringa. Det er i gang arbeid for å vurdere det samla behovet for opplæringsplassar i skole og arbeidsliv i framtida.

Regjeringa har ført vidare arbeidet med informasjonsteknologi i skole og fagopplæring. I den siste perioden er det inngått kontraktar om sal av pedagogisk programvare til utlandet for monalege beløp.

Spesialundervisning for vaksne når det gjeld grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring, har auka.

Staten har teke over drifta av det tidlegare Hegdehaugen Voksengymnas i Oslo og etablert eit ressurs- og opplæringscenter for vidaregåande opplæring for vaksne.

I norskopplæringa for vaksne innvandrarar, flyktingar og asylsøkjarar deltok 39 500 på kurs i 1989.

Dei 44 opplysningsorganisasjonane med allmenn rett til statstilskott hadde litt over 800 000 deltakarar på kursa sine i 1989. Det er

ein auke på 82 000 samanlikna med 1988.

Brevskolane hadde om lag 150 000 elevar i 1989.

54 organisasjonar har fått statstilskott til opplæring for særlege målgrupper i 1990. Hovuddelen av gruppene er funksjonshemma.

Det er auka søkning til folkehøgskolane. I skoleåret 1989—90 var det noko over 7 000 elevar ved folkehøgskolane.

Til forskningsformål vart det i 1990 delt ut 234 mill. kroner av overskottet frå Norsk Tipping. Dei statlege løyvingane til forskning, inkludert tippemidlane, er i 1990 på om lag 6,8 milliardar kroner. Dette er ein nominell auke på 10 prosent.

Regjeringa legg vekt på å betre effektiviteten i forskningssystemet, og at forskingsmidla blir kanaliserte på best mogleg vis. Fleire tiltak er sette i verk for å fremje ei slik utvikling. Det er mellom anna skipa eit utval som skal sjå på korleis forskingsområda fungerer.

For å sikre at det blir teke omsyn til dei etiske krava til forskinga, er det oppretta tre nasjonale etiske komitear.

Pågangen av søkjarar til høgare utdanning er framleis svært stor. I 1990 er det oppretta 5 000 nye ekstraordinære studieplassar. Etter to år med kraftig auke i studenttalet ved universiteta er det frå hausten 1990 innført regulert opptak til fleire universitetsstudium. Ein reknar likevel med at det hausten 1990 er i alt om lag 125 000 studentar i Noreg, medan det i 1989 var om lag 109 000. I tillegg kjem om lag 7 000 studentar i utlandet.

Sivilingeniørutdanninga i Narvik har hausten 1990 teke til med den første gruppa av studentar. Eit sentralorgan for fjernundervisning på høgare nivå er oppretta i Tromsø. For universitet og vitskaplege høgskolar er det frå 1. januar 1990 sett i verk ei ny sams lov, som mellom anna gjev institusjonane avgjerds-makt i saker som tidlegare vart avgjorde i departementet. Det er lagt fram melding til Stortinget om styrking av lærarutdanninga ved høgskolar og universitet.

Løyvingane til byggjetiltak fekk ein kraftig auke i 1990. Nybygg som kan takast i bruk i 1990 er 2. byggjesteget for preklinisk medisin i Oslo og bioblokka i Høgteknologisenteret i Bergen. I Tromsø er arbeidet på nybygget for medisin og helsefag komme langt, og i Trondheim er reisinga av nybygget for Medisinsk-technisk forskingssenter godt i gang.

I kyrkja er det no meir enn 1 200 statlege prestestillingar, og meir enn 80 statlege kateketstillingar. I tillegg kjem prestestillingar i forsvaret, ved sjukehus og fengsel, og dei mange kyrkjelege stillingane som kommunane og kyrkjelydane har ansvaret for. Frå 1989 er det bispedømmeråda som tilset kyrkjelyds-

prestane. Erfaringane med ordninga er gode.

Søkinga til dei teologiske fakulteta er betre enn tidlegare, og i dei fleste bispedømma er rekrutteringa til prestestillingane tilfredsstillande.

Ei vidfemnande utgreiing om reformer for kyrkja på lokalplanet har i 1989—90 vore til høyring i alle kommunane og kyrkjelydane i landet.

I 1990 er det oppretta eit nytt prosti i indre Finnmark.

Frå 1. mars 1990 er det innført konsesjonsplikt for satellittformidla radio- og fjernsynsverksemd frå norsk territorium.

Pr. 1. juni 1990 er 423 nærradio- og 71 lokal-fjernsynskonsesjonærar i aktiv drift.

Lov om avleveringsplikt for allment tilgjengeleg informasjon tok til å gjelde 1. juli i år. Etter forskriftene til denne lova er nasjonalbibliotekavdelinga i Rana tillagt viktige registrerings- og samordningsoppgåver.

Det er vedteke ny lov om stadnamn. Lova tek særleg sikte på å verne om nedarva stadnamn.

I 1990 er 520 kunstnarar med under garantiinntektsordninga. Det blir gjeve stipend til 804 kunstnarar, og i tillegg har tre livsvarig kunstnarlønn, fire har æresstipend og ein har æreslønn. Til saman kjem 1 332 kunstnarar inn under ulike statlege stønadsordningar.

Nasjonalgalleriet vart i 1989 vitja av om lag 138 000 personar. Museet for samtidskunst vart formelt opna 20. januar 1990. Riksgalleriet gjekk inn i museet som eiga avdeling for ambulerande kunstformidling. Riksgalleriavdelinga hadde 10 utstillingar på vandring i 1989 med eit besøk på om lag 59 000.

Fem symfioniorkester får statstilskott. I alt er det no 313 fast tilsatte musikarar ved desse orkestra. I 1989 vart det halde 293 konsertar. Publikumsbesøket ved symfioniorkesterkonserterane var om lag 253 000. Rikskonsertane hadde ved sine konsertar eit besøkstal på rundt 900 000.

Dei teatra som får offentlege tilskott, hadde eit samla publikumsbesøk på om lag 1 256 000 på eigenproduserte framsyningar.

Publikumstalet ved kinoane var om lag 12,6 mill. i 1989.

Samla utlån i 1989 frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var 24,4 mill. band. Den samla bokmengda var 26,6 mill. band.

I 1990 får 300 musé tilskott gjennom tilskottsordninga for halvoffentlege musé. Det samla besøkstalet for alle musea i landet ligg på om lag 5 mill. pr. år.

I 1989 vart det levert 2 327 hyllemeter arkivmateriale til det statlege arkivverket i Noreg.

Vilkåra for statsstønad til lokale kulturhus er endra. Huseigaren har høve til å prioritere

einskilde formål ved utleige ut frå dei ideelle målsetjingane som huseigaren arbeider for.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1990, var på 461,9 mill. kroner. Det er om lag det same som i 1989. Av summen vart 267,5 mill. kroner nytta til idrettsanlegg. 182,6 mill. kroner gjekk til Norges Idrettsforbund og 11,8 mill. kroner til andre idrettsformål. Av tilskottet til idrettsanlegg gjekk 196,7 mill. kroner til anlegg for idrett og friluftsliv i kommunane.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Kongelige Høyhet!

Det 135. Storting som Deres Kongelige Høyhet nå har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid som i sterkere grad enn på lenge bærer preg av motstridende internasjonale strømdrag.

Totalitære regimers sammenbrudd, fremveksten av demokratiet med tilsvarende avspenning mellom øst og vest har for første gang etter den annen verdenskrig gitt oss en løfterik mulighet for å delta i et fredsbevarende og byggende alleuropeisk samarbeid og om de globale problemer som i dag er menneskehetens største trussel og utfordring.

Samtidig med at nye muligheter har åpnet seg, har Saddam Husseins regime satt den positive utviklingen i fare gjennom hensynsløs bruk av vold og militær makt. I Den per-siske golf har en diktator satt verdensfreden i fare.

I den situasjon som nå foreligger, må Norge i tråd med sine tradisjoner av all kraft ta aktivt del i det mellomfolkelige samarbeid for å oppnå ansvarlige internasjonale fellesløsninger på de problemer og kriser verdenssamfunnet står overfor, slik at den fine demokra-

tiske utviklingen vi ser konturene av, både kan fortsette og ytterligere styrkes. Vi har en særlig forpliktelse overfor de deler av verden hvor urett og nød rår og menneskerettighetene krenkes. Det er bare gjennom innsats både ute og hjemme det vil være mulig å sikre det velferdssamfunn vi alle ønsker å slå ring om. Også i vårt eget land er det fortsatt store og uløste oppgaver som krever økt innsats.

Frontalen bærer bud om at Stortinget vil få seg forelagt mange saker av stor betydning både for den enkelte og for fellesskapet. Det storting som ligger foran oss, vil derfor stille store krav til stortingsrepresentantenes arbeidsinnsats og innsikt.

I mange av de saker som Stortinget skal behandle, vil det være delte meninger blant representantene. Like fullt vil hver enkelt ha fedrelandets beste for øye og etter sin beste overbevisning bidra til at Stortingets beslutninger skal bli til gagn for vårt land og vårt folk og for de deler av verden hvor ufred, undertrykkelse og nød fortsatt hersker.

I forvissning om at Stortingets gjerning vil tjene folk og land, samles vi i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Kongelige Høyhet Kronprinsregenten med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans Kongelige Høyhet Kronprinsregentens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse blir lagt ut for behandling i et senere møte — og anser dette som bifalt.

Møtet hevet kl. 13.40.